

# Som dagane går



Tekst og foto:  
**Sigmund Krøvel-Velle**



15. OKTOBER  
**2007**  
HOVET

**GA ALS EIT ANDLET:** Møta med Per Villand var sterke. Den unge, begava, høgt utdanna mannen vart råka av ALS (amyotrofisk lateral sklerose), ein sjukdom som det ikkje finst medisins, lindring eller behandling for. Nervane til viljestyrte musklane blir lamme, og dermed mistar ein evna til bevegelse, tale og til slutt pust. Men Per gav ikkje opp. I sitt spesialbygde hus, med eit batteri av avanserte tekniske hjelpemiddel rundt seg, med assistanse frå eit stort antal sjukepleiarar, assistentar, av vener og familie, heldt han det gåande.

Han gav ALS-sjukdommen eit andlet. Han var aktiv i å lage opplærings- og informasjonsmateriell omn sjukdommen. Han skreiv sjølv manuset til filmen «Eit meiningsfylt liv i ein lam kropp».

Han var heilt open om sjukdommen. I januar 2002 fortalde han om situasjonen sin i ei stor reportasje her i avisa. Eg besøkte han fleire gongar. Me utveksla e-postar. Etter å ha gjort ein stor innsats for ALS-saka, skreiv han ei 300 siders bok om Søre Villand og Raggsteindalen.

Til å vere lenka til rullestol, respirator og tekniske hjelpemiddel, var han ein aktiv mann, som drog på konsertar både i Ål kulturhus og i Oslo Konserthus, og vener var regelmessig samla til filmkveldar heime hjå han.

Per Villand døydde 15. oktober 2007, 44 år gammal.